



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
31/2026	Formannskapet	09.06.2026
30/2026	Kommunestyret	16.06.2026

Fastsetting av planprogram til kommuneplanens arealdel 2027-2039

Vedlegg

- 1 Planprogram - kommuneplanens arealdel 2027-2039 (2)

Saksframlegg:

Kommunestyret gjorde i møte 16. desember 2025, sak 67/2025, med heimel i plan- og bygningslova vedtak om å legge forslag til kommuneplanens samfunnsdel og varsel om planoppstart for revidering av kommuneplanens arealdel på høyring. Frist for uttale var sett til 16. februar 2026. Dei uttalene som har kome til planprogrammet blir attgjeve nedanfor. Arealinnspel blir vurdert i eit eige saksframlegg der innspel til område går gjennom ei grovsiling for vurdering av om område skal vere med vidare til konsekvensutgreiing eller ikkje. Innspel som går på planvask blir kommentert under grovsilinga, men det vil bli ei eiga sak som omhandlar planvask da det må ei heilskapleg vurdering til for å vurdere kva for område som ligg inne i eksisterande arealplan som bør vaskast bort, attendeførast til LNFR-område.

Vurdering:

Det har generelt kome få høyringsinnspel til høyring av planprogram som går på innhald i planprogrammet og som ikkje er arealinnspele og/eller innspel til planvask. Det er regionale styresmakter og interesseorganisasjonar som har kome med innspel til planprogrammet:

- NVE
- Mattilsynet
- Statsforvaltaren i Innlandet
- Rada reiseliv
- Naturvernforbundet
- Vågåfjell turløyper
- Statens vegvesen
- Direktoratet for mineralforvaltning

Høyringsinnspela er attgjeve nedanfor med ein kommentar frå kommunedirektøren.

NVE 27.01.2026

«Naturfare i arealplanar Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette kjem klart fram i KDD (tidlegare KMD) Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling side 12 der det heiter: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Når kommunen skal finne ut om det finst reell naturfare i eit område, handlar det om å sjå om arealet oppfyller krava i byggteknisk forskrift (TEK17) kapittel 7. Areal som oppfyller desse krava, kan i utgangspunktet byggjast ut. Areal som ikkje oppfyller krava, krev meir utgreiing før ein kan ta stilling til utbygging. Dersom kommuneplanen foreslår utbygging i eit aktsemdområde (område der det kan vere naturfare), må kommunen gjere eitt av to:

1. Stille krav om reguleringsplan, slik at naturfaren blir undersøkt nærare.
2. Avklare naturfaren når arealdelen blir revidert, til dømes i LNFR-område der det er spreidd utbygging. Hensikten er at kommunen må vite om det faktisk er fare i området før ein gir klarsignal for ny eller vidare utbygging. Ein framgangsmåte for å løyse dette er:

1. Kartlegg areal som er utsett for potensiell naturfare

Når kommunen gjer utgreiingar om flaum-, erosjon- og skredfare i kommuneplan, er målet å finne ut om det finst område med mogleg naturfare der ein kan kome til å byggje i framtida. Difor må de også sjå om det kan vere naturfare i byggeområde som allereie ligg i planen, men som enno ikkje er bygde ut. Dette er viktig fordi tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) kapittel 7 gjeld all utbygging – uansett om området er regulert, kva arealformål det har, og om det handlar om nye felt eller fortetting.

Vi anbefalar at planprogrammet tydeleggjer kva for kart kommunen skal bruke som grunnlag for å vurdere fare – og aktsemdområde, og om kommunen skal gjennomføre nye farekartleggingar som skal leggjast til grunn i planarbeidet.

Dersom kommunen ønskjer å kartleggje reell naturfare meir detaljert, viser vi til NVEs nettside om [Kart og kartlegging av naturfare](#). Vi har også en egen nettside som viser [Økonomisk støtteordningar til kartlegging av naturfare](#).

Planvask er eit av områda kommunen prioriterer i denne revisjon. Vi anbefalar difor at planprogrammet bør vera meir tydeleg på kva metodikk som skal leggjast til grunn for planvasken, og korleis resultatata av denne er tenkt følgt opp. Gjennom arbeidet med planvasken må det identifiserast kva for nokre tidlegare vedtekne arealplanar som med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø ikkje ville blitt godkjent for vidare utbygging. Kommunen må gjennom arealplanen ta stilling til om desse tidlegare vedtekne arealplanane skal opphevast eller endrast. Vi syner til Kommunal- og distriktsdepartementet Utredning, grunnlag for veileder om revisjon av kommunale arealplaner.

2. Marker areal som kan vere utsett for fare med omsynssone i plankartet og styr utbygging til trygge område

Omsynssoner er eit viktig verkemiddel for å vise kva omsyn som må takast i vidare planlegging og i behandling av enkelt saker. Dei kan leggjast på tvers av arealformål og gjeld både for eksisterande og framtidig arealbruk, uavhengig av om områda er regulerte eller ikkje.

For omsynssone Fareområde (pbl. § 11-8 a / H310, H320) gir plan- og bygningslova kommunen heimel til å fastsetje føresegner som ikkje kan knyte direkte til enkeltståande arealformål i kommuneplanen.

NVE anbefaler derfor at alle aktsemdområde for naturfare blir lagt inn i plankartet. Dette er særleg viktig i eksisterande og framtidige byggeområde, inkludert LNFR-område med spreidd utbygging. Til omsynssonene bør kommunen knyte føresegner som enten:

- set byggjeforbod, eller
- krev nærare kartlegging av fare i samband med reguleringsplan.

Det viktigaste rådet vårt er likevel at ny utbygging bør styrast til område som er dokumentert trygge.

3. Bruk den beste kunnskapen som finst om naturfare i planlegginga

Når kommunen planlegg arealbruk, er det viktig å byggje på så presis og oppdatert kunnskap om naturfare som mogleg. Dersom det finst:

- kartlagde faresoner for skred,
- flaumsonekart, eller
- annan kunnskap om fare som er konkret, dokumentert og kan kontrollerast må kommunen bruke desse karta og dataa som grunnlag i planlegginga. Slike detaljerte kart gir eit betre bilete av risikoen enn dei landsdekkande aktsemdområda. I område der kommunen har slik påliteleg informasjon, bør denne brukast i staden for dei nasjonale aktsemdområda.

4. Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er bestilte etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i tråd med pbl. pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar. Vi ønskjer òg å få inn naturfareutgreiingar som er bestilte før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finst her: [Meld inn naturfareutgreiingar - NVE](#)

Skred i bratt terreng

1. Bruk kartlagd kunnskap om skredfare NVE har kartlagt skredfare i bratt terreng for utvalde område i Vågå kommune. Innmeldte kartleggingar skal liggje i NVE Atlas. Kommunen kan bruke desse kartlagde faresonene som grunnlag for å legge inn omsynssone skredfare (H310) i plankartet. Dette gjer at plankartet viser den beste og mest presise kunnskapen om skredfare. I planretningslinjene er det ryddig å vise til dei konkrete skredrapportane som leggjast til grunn.

2. Område utan kartlagd reell fare For område som ikkje er detaljkartlagt, bør kommunen bruke dei nasjonale aktsemdkarta for:

- jord- og flaumskred
- steinsprang
- snøskred

Desse karta finst både i NVE Atlas og som nedlastbare datasett. Desse områda skal også visast som omsynssone H310 i plankartet.

NVE publiserte i 2023 eit oppdatert aktsemdkart for snøskred. Dette kartet kan brukast for å vurdere om eit område har tilstrekkeleg tryggleik, avhengig av kva tryggleiksklasse tiltaket ligg i etter TEK17 § 7-3. NVE har laga ei standard prosedyre som kommunen kan bruke som føresegn til omsynssone H310 på aktsemdnivå. For å bruke denne prosedyren må omsynssona H310 byggje på:

- Snøskred aktsemdkart S3 (mest konservativt)
- Aktsemdkart for steinsprang
- Aktsemdkart for jord- og flaumskred

Døme på føresegner til omsynssone H310:

Omsynssone H310_X er aktsemdområde for skred i bratt terreng

Grunnlaget for sona er aktsemdkart for snøskred S3, steinsprang og jord- og flaumskred. I alle plan- og byggesaker skal tryggleik mot skred avklarast etter følgjande prosedyre:

1. Tiltak i område med aktsemd for steinsprang eller jord- og flaumskred: Fagkyndige må vurdere om tryggleikskrava i TEK17 § 7-3 er oppfylte.

2. Tiltak i område med aktsemd for snøskred (S3), men ikkje i andre aktsemd-soner:

a) Tiltak i tryggleiksklasse S3: Fagkyndige må avklare om det faktisk er skredfare.

b) Tiltak i tryggleiksklasse S2: Bruk aktsemdkart for snøskred S2 utan skogeffekt:

- Ligg tiltaket utanfor aktsemdområdet → tryggleik er tilstrekkeleg.

- Ligg tiltaket innanfor aktsemdområdet → sjekk aktsemdkart for snøskred med skogeffekt. Dersom tiltaket då ligg utanfor aktsemdområdet, er tryggleik tilstrekkeleg så lenge skogen blir halden ved lag. Viss ikkje, må fagkyndige kartleggje skredfare og eventuelt dokumentere tryggleik med tiltak.

c) Tiltak i tryggleiksklasse S1: Bruk aktsemdkart for snøskred S2 med skogeffekt: • Ligg tiltaket utanfor aktsemdsone → kan tiltak gjennomførast utan krav til å bevare skogen. • Ligg tiltaket innanfor aktsemdsone → fagkyndige må kartleggje skredfare og dokumentere tryggleik.

3. Fagkyndig kartlegging: a) Om fagfolk skal kartleggje skredfare i bratt terreng, skal dei bruke NVE sin «Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng». b) Dersom kommunen bestiller ny kartlegging, skal dei bruke «NVE sin rettleier for kartlegging av skredfare i bratt terreng».

Flaum- og erosjonsfare

Bruk av flaumsonkart Vågåmo er kartlagt for reell flaumfare. Innmeldte flaumsonkartleggingar skal liggje i NVE Atlas. NVE tilrår at kommunen brukar denne kunnskapen – og eventuell annan dokumentert farekartlegging – når de reviderer arealdelen av kommuneplanen. Bruk av aktsemdkart NVE sitt aktsemdkart for flaumfare finnast i NVE Atlas. Dersom kommunen ikkje har meir detaljert kunnskap, bør kartet brukast som grunnlag for omsynssone H320 (flaumfare) i kommuneplanen. I tilhøyrande føresegner bør det stå at området er eit aktsemdområde, og at det krevst nærare vurdering av reell fare på neste plannivå. NVE tilrår at nye bygg vert plassert i tilstrekkeleg avstand frå vassdrag. Som hovudregel er dette minst 20 meter frå bekker med nedslagsfelt mindre enn 20 km², og 50–100 meter frå elvar og større vassdrag. I dei fleste tilfelle gir dette god sikring mot både flaum og erosjon. Med unntaket er område der bekker har skore seg djupt ned i lausmassar (ravinert terreng), vil 20 m avstand ofte vere tilstrekkeleg i høve til erosjonsfare langs bekker. Areal som ligg nærare vassdrag enn desse avstandane, bør reknast som aktsemdområde, med mindre kommunen gjer ei eiga vurdering av flaum- og erosjonsfaren. Klimaendringar, klimatilpassing og beredskap Klimaet er i endring, og dette påverkar både flaum- og skredfare. I åra framover er det venta:

- fleire og meir intense regnflaumar, også i vinterhalvåret
- auka skredfare som følgje av meir og kraftigare nedbør
- større risiko for kvikkleireskred, fordi auka erosjon svekkjer grunnforholda

Hendingar som ekstremvêret «Hans» i august 2023 har vist kor viktig det er at kommunane arbeider aktivt med klimatilpassing og lokal beredskap. God førebygging er avgjerande for å sikre innbyggjarar og for å redusere skadar på bygningar, anlegg og infrastruktur. I dei Statlege planretningslinjene for klima og energi forventar regjeringa at kommunane:

- legg høge utsleppsscenario frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn
- integrerer klimatilpassing som eit sentralt premiss i all arealplanlegging
- bruker kommuneplanen aktivt for å hindre utbygging i område med klima- og naturfare.

Dette betyr at kommunen må vere særleg merksam på korleis klimaendringane påverkar tryggleiken i både nye og eksisterande byggeområde. I 2022 publiserte Riksrevisjonen ei undersøking av korleis styresmaktene handterer klimatilpassing av busetnad og infrastruktur; Alvorleg kritikk til myndigheitenes arbeid med klimatilpassing. Riksrevisjonen uttrykker uro og sterk kritikk, fordi dei meiner at styresmaktene ikkje har god nok oversikt over risiko, og ikkje har sett i verk tilstrekkelege tiltak for å sikre eksisterande busetnad og infrastruktur mot framtidige klimaendringar. Dette understrekar behovet for at kommunane arbeider systematisk og kunnskapsbasert med klimatilpassing.

Med ny kunnskap om klimaendringar og naturfare bør kommunen også vurdere om:

- eksisterande byggeområde er robuste nok, og
- om det er nødvendig med tiltak for å redusere risikoen framover

Norsk Klimaservicesenter har utarbeidd klimaprofil for Innlandet, som gir ei oversikt over venta klimaendringar i fylket. NVE tilrår at kommunen nyttar denne klimaprofilen aktivt i planarbeidet, som grunnlag for vurderingar av både flaum, skred og lokal sårbarheit.

Handtering av overvatn

Tett utbygging kan skape problem med overvatn Når naturområde blir bygde ut og får fleire harde flater, renn vatnet raskare av. Dette kan føre til høgare flaumtoppar nedstraums og større risiko for erosjon og vasskadar. Ny utbygging kan også stengje naturlege avrenningsveggar, slik at vatnet blir ståande inntil bygningar eller leidd vidare i uønska retning. Dette kan auke risikoen for skadar. Eit viktig prinsipp for handtering av overvatn er å bidra til at overvassløysingar bør vere så naturlike som mogleg. Opne løysingar (som grøfter, bekkar, fordrøyingssområde) er betre enn lukka røyrssystem.

Kommunen må også vurdere korleis klimaendringar påverkar avrenninga, sidan meir og kraftigare nedbør er venta i framtida. Ved større utbyggingsområde i tettbygde område bør kommunen vurdere desse forholda:

- kva krav som skal stillast til infiltrasjon (at vatnet trekkjer ned i bakken)
- kva krav som trengst for fordrøying (at vatnet blir halde tilbake og sleppt ut sakte) Dette bør vurderast på grunnlag av kunnskap om flaumforhold og vassføring i lokale bekkar og elvar.

Kartlegging av flaumveggar For å sikre trygg handtering av vatn under store regnhendingar bør kommunen:

- kartleggje flaumveggar i byggeområda
- sikre at flaumvegane er samanhengande fram til resipient (elvefar, sjø eller innsjø) Slik planlegging krev eit oversiktsnivå, og kan gjerast i kommuneplanen, eller ved krav om felles planlegging i område som delar same nedslagsfelt.

NVE tilrår at kommunen brukar NVE Rettleiar 4/2022 – Handtering av overvatn i arealplanar og NVE Rettleiar 2/2023 – Kartlegging av fare for overvatn i arbeidet med kommuneplanen.

Vassdrag

NVE rår til å vise vassdrag med eigne formålsflater og fastsette byggegrenser Alle vassdrag bør visast tydeleg i plankartet. NVE tilrår at kommunen nyttar arealkategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 11-7 nr. 6) til å merke alle vatn, elvar og bekkar som er viste som flater i kartgrunnlaget. Areala i og langs vassdrag er viktige for både naturmiljø, friluftsliv og landskap. Difor bør kommunen unngå å leggje til rette for utbygging tett på vassdrag. NVE tilrår å innføre byggegrenser (byggjeforbod) i eit definert belte langs vassdrag. Breidda på dette beltet kan tilpassast storleik på vassdraget og omgivnadene. For å ta vare på vassdragsmiljøet og allmenne interesser er det ofte behov for større avstand enn det som er nødvendig av tryggleiksomsyn (t.d. flaumfare).

Gjer greie for konsekvensar for allmenne interesser

NVE oppmodar om at kommunen legg opp til ei arealbruk som ikkje skapar inngrep i vassdrag. Dersom kommuneplanen likevel opnar for tiltak som påverkar vassdraget, må konsekvensane vurderast i konsekvensutgreiinga (KU). Som døme på allmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapeleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Verna vassdrag

I Vågå er to vassdrag verna mot kraftutbygging; Finna og Sjoa. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar og større bekkar, sjø og tjern i eit belte på inntil 100 meter langs begge sider av vassdraget. Kommunen må sikre at arealbruken ikkje reduserer verneverdiane i desse vassdraga. I konsekvensutgreiinga bør verna vassdrag vere eit eige vurderingstema, og det må kome klart fram i plandokumenta korleis omsynet til verneverdiane er ivaretatt.

Energianlegg

Vårt råd er at energianlegg og energibruk blir via ekstra merksemd i arbeidet med kommuneplanens arealdel. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 (regjeringa.no) er det fleire forventningar knytt til klima og energi. Mellom anna skal kommunane leggja til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikra god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn (forventning nr. 32). Tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er ein premis for planarbeid knytt til etablering av nye næringsareal. Vi oppmodar kommunane til å vurdere korleis arealdelen kan leggja til rette for:

- Ny fornybar kraftproduksjon.
- Samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme.
- Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar.

Anlegg som er unnatekne frå plan- og bygningslova

Store anlegg i sentral- og regionalnettet, inkludert transformatorstasjonar og større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova, er unnatekne reglane i plan- og bygningslova (pbl.), jf. § 1-3. I plankartet skal eksisterande og vedtekne slike høgspenningsanlegg visast som Omsynssone – Bandlegging etter anna lovverk (pbl. § 11-8 d / H740).

Anlegg som er omfatta av plan- og bygningslova

Mindre kraftleidningar innanfor områdekonsesjonar er ikkje unnatekne pbl. Desse kan kommunen sette av som Teknisk infrastruktur (pbl. § 11-7 nr. 2) i plankartet.

Reguleringsmagasin

Kommunen bør markere reguleringsmagasin i plankartet som Omsynssone / bandlagt område etter vassdragslovverket, med føremål Reguleringsmagasin (pbl. § 11-8 d).

Anlegg for energiproduksjon Anlegg for energiproduksjon bør først opp som Område for Bebyggelse og anlegg.

Data om vassdrags- og energianlegg finst i NVE Atlas, som gir oversikt over både eksisterande og planlagde anlegg.»

Kommunedirektøren si vurdering:

ROS-analyse knytt til planarbeidet vil greie ut fareområde jf. pbl. § 4-3. Kommunen vil ta utgangspunkt i gjeldande føresegner og vidareføre desse for å sikre vassdragverdiane. Kommuneplanens arealdel skal vurderast opp mot nyaste, tilgjengelege lovverk, forskrifter og rettleiarar m.v.

Mattilsynet 28.01.2026

«Kommunen skal ta hensyn til drikkevann når dere utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner, samt når dere gir tillatelse etter relevant regelverk, i samsvar med folkehelseloven kapittel 2. Hvis vannforsyningsystemet ligger i flere kommuner, skal dere om nødvendig ta initiativ til et interkommunalt plansamarbeid. Kommunen skal i samarbeid med vannverkseieren vurdere behovet for restriksjoner for å beskytte råvannskilder, vanntilsigsområder, drikkevannsbasseng og annen kritisk infrastruktur, og synliggjøre dette i kommuneplanens arealdel. Vi forventer derfor at kommunen innfører arealformål som bidrar til å beskytte vannkilder som brukes til drikkevannproduksjon, både de kommunale og de private. I tillegg må hensynssoner (H110 / H120) være tydelig markert i plankartet, med konkrete bestemmelser som regulerer bruken av disse områdene, og sikrer beskyttelse av vannkildene. Kommunen må også vurdere om det skal avsettes hensynssoner med tilhørende planbestemmelser etter §§ 11-7, 11-8, 11-9 og 11-11 i plan- og bygningsloven, drikkevannsforskriften § 26. Drikkevannshensynet til eventuelle fremtidige drikkevannskilder må også komme tydelig frem i kommuneplanens arealdel. Gjennom rekkefølgebestemmelsene skal kommunen sikre at hensyn til drikkevann er ivarettatt. Som en del av dette forventer vi en rekkefølgebestemmelse som sikrer at tilgangen til nok og trygt drikkevann og avløp inngår som en del av vurderingen når forslag til nye utbyggingsområder skal vurderes.»

Kommunedirektøren si vurdering:

Omsynet til drikkevann vil bli ivareteken i planarbeidet. I gjeldande arealdel er det utarbeidd restriksjonssonar med tilhøyrande føresegner til alle vassverk som kommunen eig og driftar. Desse sonene og føresegnene vil bli vidareført med ny oppdatert kunnskap i ny kommuneplan.

Statsforvalteren i Innlandet 16.02.2026

Forslaget til planprogram som no er på høyring oppfyller etter vår vurdering krava i plan- og bygningslova § 4-1. Vi vurderer at opplegget for medverknad er godt, og står punktet om å leggje fram eit utkast til arealdel for regionalt planforum før første høyring. Dette bør skje i god tid før høyring slik at moglege feil og manglar kan rettast opp og ein unngår unødvendige motsegner ved høyring. Vidare understrekar vi at dersom måla og strategiane som kommunen har vedteke i

arealstrategien skal få faktisk betydning for utviklinga i Vågå, er det avgjerande at dei blir fylgde opp gjennom arealdisponeringa i den juridisk bindande arealdelen som no skal rullerast.

I arealstrategien meiner kommunen det er viktig at den nye arealdelen har ein realistisk tomtereserve, og at han ikkje skal fungere som ein "bank" for tomteareal som aldri blir realisert. Urealiserte område skal bli vurdert med tanke på eksisterande infrastruktur, jordvern, samfunnstryggleik, myr og naturverdiar. Kommunen legg opp til at det skal gjennomførast planvask ved rullinga av arealdelen. Dette er òg følgt opp i planprogrammet for arealdelen. Det er viktig at det finst ei realisme i tomtereservane til kommunen og at areal som har blitt sett av til utbygging i kommuneplan og reguleringsplan, men som ikkje har blitt realisert, blir vurdert opp mot dagens behov og eventuelle nye nasjonale mål og føringar. Det er difor positivt at kommunen vil gjennomføre ein grundig planvask.

Av arealstrategien kjem det fram at kommunen har behov for meir areal til næring. Statsforvaltaren har forståing for dette. Vi vil likevel understreke viktigheita av at nye næringsareal ikkje blir plassert på dyrka eller dyrkbar jord, areal som er viktige for biologisk mangfald eller på anna vis utfordrar nasjonale omsyn. Vi meiner òg at kommunen bør vurdere behovet for nye næringsareal i eit regionalt perspektiv. Desse vurderingane må synleggjerast i plandokumenta. Vi tykkjer det er positivt at kommunen gjennom sin arealstrategi har sett seg eit mål om å bli arealnøytral. Dette er følgt opp i planprogrammet som no er på høyring. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det står noko i planprogrammet om utarbeiding av arealrekneskap, noko som vil vere naudsynt for å vurdere om målet om arealnøytralitet er nådd. Kommunen vil elles utarbeide eit naturrekneskap, noko som er følgt opp i planprogrammet.

Oversikta i planprogrammet over tema som skal inngå i konsekvensutgreiinga omfattar relevante omsyn, og er for det meste i samsvar med § 21 i forskrift om konsekvensutgreiing. Det er likevel nokre tema som ikkje fullt ut er dekkja av planprogrammet, og vi ber kommunen vurdere om det er tema som skulle vore med. Til dømes energiforbruk/energiløysingar og tilgjengelegheit. For meir detaljerte innspel viser vi til våre tilleggsmerknadar til dei enkelte fagområda under.

Vi føreset at konsekvensutgreiinga blir gjennomført i tråd med gjeldande rettleiarar: Veileder om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven og Miljødirektoratet sin Veileder N 1941 Konsekvensutredning av klima og miljø .

Miljødirektoratet arbeider no med ein eigen rettleiar for konsekvensutgreiing av kommuneplanen sin arealdel. Denne blir sendt Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet til godkjenning i løpet av februar. Her vil det komme nye føringar for kommunen sitt arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og for konsekvensutgreiing av ny arealdel. Oppdatering om den nye rettleiaren vil bli gitt på Miljødirektoratet sin nettstad.

Miljødirektoratet gjennomfører eit webinar om avveging av interesser i planarbeidet 17. mars 2026. Dette vil vere relevant for kommunen sitt arbeid med arealdelen.

Klima og energi

I forslag til planprogram viser kommunen til statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som nasjonal føring. Vi minner om at denne er erstatta av statlege planretningslinjer for klima og energi, som blei vedteken 20. desember 2024. I dei nye planretningslinjene blir det framheva at omsynet til klima, natur og energi skal ha høg prioritet i sektoranes arbeid, og sjåast i samanheng. Både sirkulær økonomi, effektiv og fleksibel energibruk og utbygging av fornybar energi er innlemma i dei overordna retningslinjene (3 b, c og d).

Både utkast til arealstrategi og planprogram for arealdelen omhandlar utfordringa med tilrettelegging for auka produksjon av fornybar energi, og vi tek til etterretning at planprosessen ikkje

omfattar arbeid med å finne eigna område for energiproduksjon. Vi minner om at planretningslinene òg inneheld føringar for kartlegging av potensialet for produksjon av energi i større utbyggingsprosjekt og på grå areal. Vi oppmodar difor kommunen til å innarbeide føresegner og retningslinjer til kommuneplanen som følgjer opp føringane i planretningslinene.

Planprogrammet viser til planvask, areal for næringsetablering og ambisjon om arealnøytralitet som prioriterte plantema. Sirkulærøkonomi, god ressursutnytting og auka energifleksibilitet er særskild relevant for areal til næring, som er eit av dei prioriterte områda i planprogrammet. Vi oppmodar kommunen til å sjå spesielt på dei punkta i dei statlege planretningslinene som omhandlar dette, og leggje desse føringane inn i arbeidet med eget næringsareal.

Vi minner òg om den nye, digitale klimagasskalkulatoren for arealbrukssektoren som no er tilgjengeleg for alle. Denne skal nyttast ved konsekvensutgreiing av arealendringar i kommuneplanen, og vi oppmodar kommunen til å vektleggje og prioritere omsynet til karbonrike areal i vurdering og prioritering av moglege nye areal til utbygging. Miljødirektoratet hadde eit webinar om praktisk bruk av denne 10 februar i år. Dette webinaret ligg òg som opptak på Miljødirektoratet sin nettstad.

Oppvekst og folkehelse

Samfunnsdelen inneheld gode føringar for å ivareta desse områda og dette er vidareført i arealstrategien og i forslag til planprogram for arealdelen. Områdereguleringsplan for Vågåmo sentrum er kome langt og vil vere viktig for oppfølging mellom anna av desse tema. Når kommunen no opnar for nye innspel til dette planarbeidet, vil mellom anna omsynet til barn og unge samt folkehelse, vere viktige omsyn å greie ut. Vi viser til tema for konsekvensutgreiing av arealdelen og tilrår at konsekvensar for helse blir teke inn som ein del av utgreiinga.

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal takast vare på i arealdelen til kommuneplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 bokstav h og 4-3. Vi føreset at Kommunal- og distriktsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling blir lagt til grunn. Risiko- og sårbarheitsanalysen skal utarbeidast i tråd med rettleiaren Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging, som Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap ga ut i 2018. I tillegg til risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsområde som blir foreslått i planen, må det òg utarbeidast ein slik analyse for arealdelen som heilskap, det vil seie for heile kommunen. Kommunen må sikre at planområdet er tilstrekkeleg verna mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunnen, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Vi føreset at føringar gitt i lovverk og forskrifter blir følgde. I alle planar etter plan- og bygningslova skal det gjerast greie for kva kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn for planlegginga. Når konsekvensane av klimaendringar blir vurderte, skal høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar leggjast til grunn. Dette er nærare forklart i rettleiingar og i dei fylkesvise klimaprofilane som er utarbeidde, jf. punkt 5.3 i dei statlege planretningslinene for klima og energi. Sjå eigen rettleier om klimatilpassing i planarbeidet: *Veileder: Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan?*

Vassforvaltning og forureining

Vassmiljø

Kommunen sin planlegging må omfatte ei heilskapleg vurdering og behandling av vassressursane med omsyn til miljøtilstand og brukarinteresser. Regional plan for vassforvaltning er ei regional føring som kommunen har lagt til grunn for planarbeidet. Planar etter plan- og bygningslova skal ivareta naturmiljøet i og langs vassdraga, sikre friluftinteresser og hindre arealbruk og tiltak som fører til at miljømåla for vasskvalitet ikkje blir oppnådde, jf. §§ 4 og 5 i vassforskrifta. For mange

vassførekomstar er det eit stort gap mellom dagens miljøtilstand og måla, noko som inneber eit stort tiltaksbehov. Gode planar er viktige for å følgje opp den regionale vassforvaltningsplanen, bidra til at miljømåla for vasskvalitet blir nådde og unngå at miljøtilstanden i vassdraga forringast. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel bør vurderinga av påverknaden til planforslaget på vassmiljøet gjerast så tidleg som mogleg, for å sikre at omsynet til vassmiljøet blir vurdert ved utarbeiding av planforslaget.

Det må komme fram av planomtale og konsekvensutgreiing kva påverknad planen kan ha på vassmiljøet. Både nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 og dei nye nasjonale føringane for arbeidet med dei regionale vassforvaltningsplanane som kom i april 2025, er tydelege på kor viktig arealplanlegginga i kommunen er for å nå målet om god tilstand i vassførekomstane. Det er mellom anna forventa at det blir sett tydelege krav til kunnskapsgrunnlaget, og at plandokumenta må vise verknadene av planforslaget og vurdere om foreslått arealbruk fører til degradering av vassførekomstar eller er til hinder for å nå måla i vassforskrifta. Vi viser i denne samanhengen til den nye rettleiaren frå Miljødirektoratet, «Vassmiljø i arealplanlegging», som inneheld rettleiing om korleis vassmiljø kan ivaretakast i kommuneplanen sin arealdel. I tillegg til at regional plan for vassforvaltning er nemnd som ei regional føring i planprogrammet ser vi at vassførekomstar og vassressursar er sett opp som eige utgreiingstema i KU. Det er bra.

Tilstanden for livet i Oslofjorden er svært alvorleg, og det er utarbeidd «Heilskapleg tiltaksplan for ein rein og rik Oslofjord med eit aktivt friluftsliv» for å betre miljøtilstanden. Kommunane i Oslofjorden sitt nedbørsfelt har ansvar for gjennomføring av mange av tiltaka i planen. Kommunen må sjå til at den har planar som sikrar prioritering og gjennomføring av naudsynte tiltak, og at eksisterande kommunale planar ikkje er i strid med føringane i tiltaksplanen.

Kantvegetasjon

Ei funksjonell kantsone tener fleire formål knytt til både biologisk mangfald, fisk, vasskvalitet, landskap og friluftsliv, og vil òg bidra til å motverke erosjon langs vassdraga. Kravet om vidareføring av kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vassføring er heimla i vassressurslova § 11, og ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel må omsynet til kantvegetasjon inngå slik at planen blir i samsvar med vassressurslova § 11. Dette inneber at kantvegetasjon må sikrast i ei slik utstrekning at målet om god økologisk funksjon jf. vassressurslova § 11 blir oppnådd.

Byggjeforbodssone

Formålet med byggjeforbodssonene til vassdrag er å sikre den allmenne tilgangen til strandsona og vassdraget, og dessutan vareta verdiar knytte til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og biologisk mangfald i vassdragnære område. Tilstrekkeleg byggjeforbodssone mot vassdrag må vurderast i kommuneplanen sin arealdel jf. pbl § 1-8.

Avløp

Avløp er kritisk infrastruktur, og det er viktig at kommunen har oversikt og tek stilling til utfordringane i avløpssektoren når det skal vurderast om det er behov for å utarbeide nye eller revidere eksisterande planar. Vi ser at det er avgjerande for oversikta til kommunane over avløpsinfrastrukturen, at det ligg føre oppdaterte heilskaplege vass- og avløpsplanar som dekkjer heile kommunen. Planen blir basert på ei miljørisikovurdering, skal sjå ulike mål og prioriteringar i samheng og bidra til at vassmiljømåla i vassforskrifta blir nådde. Gjennom den overordna avløpsplanen skal kommunen ta stilling til behovet for nye eller oppdaterte tiltaksplanar for fornying av avløpsnett, sanering, reduksjon av framandvatn med meir.

I Innlandet, som i resten av Noreg, er det eit stort etterslep på naudsynt vedlikehald og utbygging av avløpsnett og reinsekapasitet for avløp. Kapasitet på leidningsnett og avløpsreinseanlegg, og

dessutan reinsekraft gitt i eller i medhald av lov blir overhalde, er ein føresetnad når nye område blir vurderte for utbygging. Plan- og bygningslova § 27-2 stiller krav til at avløp skal vere sikra og i samsvar med forureiningslova før skiping eller endring av eigedom til busetnad blir godkjend.

Massehandtering og snødeponi

Gjenbruk av overskotsmassar og andre mineralske ressursar av god kvalitet er eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje. Spesielt viktig er dette for kommunar som har store infrastrukturprosjekt. For å sikre ei overordna merksemd på massehandtering, og for å redusere behovet for deponering, er det naudsynt med ei oversikt over igangverande og framtidige prosjekt for å balansere masserekneskapen. Avsetjing av areal til deponi bør vere behovsprøvd, og vi tilrår at kommunen lagar arealstrategiar og vurderer arealreservar til mellomlagring i påvente av framtidig bruk, framfor sluttdisponering av massane. Gjennom ei auka merksemd på gjenbruk vil ein kunne redusere arealbehovet for sluttdisponering, redusere bruken av nye areal og inngrep for uttak av massar, og samtidig redusere kostnader. På denne måten vil ein bidra til at allereie eksisterande ressursar som grus og pukk varer lenger. Kommunen må setje av tilstrekkeleg areal til snødeponi. Vi minner om at anlegg eller verksemdar som skal ta imot jord- og steinmassar frå fleire eksterne kjelder, kan ha behov for løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren. Det same gjeld dersom handteringa av overskotssnø kan føre med seg fare for forureining og/eller forsøpling.

Naturmangfald

Kartlegging

Det kjem ikkje fram i planprogrammet om ein i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing skal kartleggje areal eller om ein berre skal ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap om naturverdiar. Statsforvaltaren viser til at det i Vågå kommune er kartlagt mykje areal gjennom åra, med fleire registreringar av både artar og naturtypar, i sær rundt Vågåmo. Dette skuldast mellom anna at kommunen har mykje verdifull natur. Vi ynskjer likevel å påpeike at fleire av registreringane er av eldre dato og etter gamal metodikk (DN-handbok 13). Det er ikkje mykje av kommunen som er rekartlagt etter NiN-metodikken, og det er område i kommunen der det i dag ikkje er registrert nokon naturtypar eller artar. Det betyr likevel ikkje at det ikkje finst verdifull natur her òg. Statsforvaltaren vil difor oppmode kommunen til å vurdere om det er område i Vågå som burde rekartleggjast før ein set i gang med kommuneplanen sin arealdel og konsekvensutgreiing. Det er vanskeleg å skulle vurdere kva for konsekvensar eit utbyggingstiltak vil få for eit område dersom ein ikkje har kartlagt det fyrst og veit kva som finst der.

Når det gjeld krav til kunnskapsgrunnlag og kostnader til kartlegging, sjå tolkingsuttale frå Kommunal- og distriktsdepartementet: § 4-2 – Kommunens økonomiske plikt ved utarbeiding av konsekvensutredning som følge av arealinnspill i kommuneplanprosessen. Departementet konkluderer her med at når det gjeld arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel, kan ikkje kommunen påleggje innsender å oppfylle krava om utgreiing fastsett i KU-forskrifta. Kommunen må sjølv enten innhente eksisterande stadfesta informasjon om aktuelle tema, utarbeide dei sjølv eller setje ut kartleggingsoppdrag som kommunen sjølv må koste.

Statsforvaltaren føreset at kommunen vurderer om kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald er nok oppdatert, eller om det er behov for ny kartlegging av naturverdiar. Ved ny arealbruk som rører ved naturområde vil det vere krav om at oppdatert kunnskapsgrunnlag, inkludert oppdatert kartlegging, blir lagt til grunn i konsekvensutgreiinga.

Krav for innspel til planen

I planprogrammet står det at om nytt innspelsområde er «(..) i konflikt med område som er verna, viktige naturtypar eller område med særskilte raudlista og/eller prioriterte artar» så blir ikkje innspelet vurdert med mindre det føreligg ei vurdering av verknaden for naturen. Statsforvaltaren vil

påpeike at om eit innspel kjem i konflikt med eit verneområde, så er dette søknadspliktige tiltak til forvaltningsmyndigheita. Ein kan ikkje leggje opp til å ta inn område i kommuneplanen som kjem i konflikt med verneforskrifter. Vi viser òg til at tiltak som kjem i konflikt med prioriterte artar er søknadspliktig dersom tiltaket kan forringe, skade eller øydelegge for ein prioritert art. Det er Statsforvaltaren som behandlar slike søknader. Det er viktig at det kjem fram i kommuneplanen at tiltak som nemnt ovanfor kan vere søknadspliktige, og at det kan vere naudsynt med løyve frå andre styresmakter.

Villrein

I kap. 3 om nasjonale og regionale føringar viser kommunen til Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein og til Regional plan for Ottadalsområdet 2016 - 2026. Vi understrekar at omsynet til villrein må følgjast opp i planarbeidet. Det nasjonale omsynet til villrein er styrkt dei siste åra. Blant anna gjennom Stortinget si handsaming av nemnde Meld. St.18 (2023-2024), samt dei nye statlege planretningslinene for arealbruk og mobilitet som trådde i kraft i 2025. Område nord i kommunen blir omfatta av regional plan for Ottadalsområdet og dekkjer mellom anna nasjonalt villreinområde og randområde for villrein.

Reindrift

Over 50 prosent av arealet i Vågå kommune ligg innanfor konsesjonsområdet til Vågå tamreinlag. Desse områda omfattar viktige særverdiområde for reindrifta, som er heilt avgjerande for at reindrift skal kunne utøvast på ein berekraftig måte over tid. Reindrifta er avhengig av store, samanhengande areal. Det er difor avgjerande at kommuneplanen tydeleg identifiserer, prioriterer og sikrar slike samanhengande område som er essensielle for reindrifta si utøving. Vi kan ikkje sjå at reindrifta er omtalt i planprogrammet. Vi kan heller ikkje sjå at varsel om oppstart er sendt til tamreinlaget. Det er viktig at reindrifta blir invitert inn i arbeidet med kommuneplanen i tidleg fase.

Plankart

Statsforvalteren føreset at plankartet blir utforma i samsvar med KDDs lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven (2022), gjeldende nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, samt gjeldande utvekslingsformat for SOSI Plan. For meir informasjon om dette, viser vi til Kartverkets nettside om planregister. Regionale myndigheiter bruker kartløysinga InnlandsGIS i planarbeidet, og denne blir synkronisert mot arealplanar i kommunens kartløysing kvar dag. Vi føreset difor at plankartet blir lagt inn i kommunens kartløysing seinast når planen blir lagd ut på høyring.

Kommunedirektøren si vurdering:

Det vil bli utarbeidd arealrekneskap som viser oversikt over ny arealdisponering og areal som er teke ut.

Kommunen vil utarbeide ROS-analyse som tek ivare samfunnstryggleik og beredskap.

Kommunen vil legge til grunn nyaste retningsliner og lovverk i planarbeidet. Planprogram er oppdatert med omsyn til dette.

Kommunedirektøren er einig i statsforvaltaren sitt poeng om heilskapleg planlegging av næringsareal i regionen, og vil arbeide for å sjå på moglegheiter for å få til dette.

Vassforvaltning og forureining er eigne tema i konsekvensutgreiinga og vil bli teke omsyn til i planarbeidet.

Kommunen har motteke tilskot frå Miljødirektoratet for å gjennomføre planvask og ein del av dette tilskotet skal nyttast til naturmangfaldkartleggingar for å sikre at kommunen har eit godt nok kunnskapsgrunnlag.

Område som ligg innanfor verneområde vil ikkje bli vurdert for ny arealbruk.

Det vil bli teke omsyn til villrein og tamrein ved utarbeiding av ny arealdel. Tamrein høyrer til under punktet naturressursar i konsekvensutgreinga og villrein blir vurdert under temaet naturmangfald.

Forslag til ny plan vil bli gjort tilgjengeleg i kommunen si kartløyising og InnlandsGIS ved høyring.

Innlandet fylkeskommune 16.02.2026

«Plan- og samferdselsfaglege omsyn

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBAT) gjer det mogleg å avgrense arealbruken, redusere transportmengda og leggje til rette for meir miljøvenlege transportmiddel. Vågå legg vekt på at bustad- og fritidsbustadutbygging skal skje i tilknytning til allereie etablerte byggeområde. Dette meiner fylkeskommunen viser at kommunen tek på alvor at transport er ein vesentleg bidragsytar til miljø- og klimautfordringar også lokalt. Ved å prioritere utvikling innanfor eksisterande busetnadsstruktur vil fleire kunne redusere transportbehovet og ha høve til å gå eller sykle til og frå daglege gjeremål. Det å fortette og variere bustadtilbodet sentralt har òg positive ringverknader på andre område, som inkludering, mobilitet, klima og miljø, aldersvennleg samfunn m.m.

Trafikkavvikling og trafiksikkerheit

Planprogrammet peikar på kva tema som skal inngå i konsekvensutgreinga knytt til arealdelen og nye utbyggingsområde. Her er tema som barn og unge sine interesser, trafikkforhold og transportbehov nemnde. Fylkeskommunen legg til grunn at dette òg omfattar temaet trafiksikkerheit og ulykkesrisiko for mjuke trafikantar. Det må leggjast vekt på at bustadområde blir tilrettelagde for mjuke trafikantar, og om nye utbyggingsområde medfører behov for tiltak på vegnettet.

Fylkesveg

Veglova og vegnettsplanen for Innlandet fastset mellom anna byggegrensar langs fylkesveg og haldningsklasse for avkøyrslar frå fylkesveg i uregulerte område som må takast omsyn til i det vidare arbeidet.

Kulturarv

Vi tilrår at alle freda kulturminne, nasjonalt og regionalt verneverdige kulturminne vert synleggjorde med omsynssoner med tilhøyrande føresegner/retningslinjer anten i arealplankartet eller i eit tematisk kartutsnitt. Føremålet med dette er å kunne avklare tilhøve til kulturminne så tidleg som mogleg og på denne måten unngå konflikter seinare. Vi oppmodar kommunen om å innarbeide følgjande i hovudplankartet: «Alle automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda bygningar og anlegg samt listeførte kyrkjer (Vågå kyrkjestad) skal markerast med omsynssone jf. pbl. § 11-8 d (H730).» Følgjande skal markerast med omsynssone etter pbl. § 11-8 c (H570):

- *Kulturminne som er regulerte til bevaring i gjeldande planar*
- *Kulturminne i kommunen sin kulturminneplan*
- *Verdifulle kulturlandskap/ UKL-område*

Ein kan òg vurdere bestemmingsområde etter pbl. § 11-9.

Kommunen har mange SEFRAK-registrerte bygningar og sjølv om desse ikkje har noko formelt vern kan ein ved enkelte bygningsmiljø vurdere omsynssone kulturmiljø etter pbl § 11.8 c). Historiske vegfar som i stor grad er bevart og har stor grad av autentisitet bør merkast i kommuneplanens med omsynsone som historisk vegfar (H570, evt. H730 der det er mellomalderveg). Andre turvegfar som ikkje har historisk verdi, men som vurderast som viktige kan merkast med turveg (H530). Det bør utarbeidast spesifiserte føresegn/retningslinjer som tydeleggjer føremålet med vernet innanfor dei ulike omsynssonene. Omsynet til eit verdifullt kulturlandskap skil seg til dømes frå omsynet til eit enkelt automatisk frede kulturminne. Dette bør kome til uttrykk i det juridiske innhaldet i planen. Når det gjeld nye utbyggingsområde i arealdelen, og forholdet til automatisk freda kulturminne, vert dette vanlegvis avklara på reguleringsplannivå. Vi minner om at beredskap er eit viktig tema, også innan kulturarv. ROS-analysar bør òg omfatte kulturmiljøa. For å ikkje overskride talet på sider kan ein supplere planen med vedlegg som kan nyttast i saksbehandlinga. Den eksisterande bygningsmassa er ein stor ressurs i klimaperspektivet. Ved dei nye statlege planretningslinja for arealbruk og mobilitet §3.4 er kravet om fortetting og utnytting av eksisterande bygningsmasse tydeleggjort. Me ynskjer å trekke fram at Arkitekturstrategien – Rom for kvalitet og Kulturstrategien for Innlandet som tek opp tema kulturmiljø som ressurs. Desse to strategiane kan med fordel nemnast i kapittel 3 Rammer og føringar for planprogrammet.

Klima, miljø og naturmangfald

Nokre av dei nasjonale føringane må oppdaterast med nye føringar vedteke i 2024. Det gjeld statlege planretningslinjer for klima og energi, som er ei oppdatering av tidlegare planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. På same måte erstattar statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, tidlegare statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Vi er positive til at både regional vassforvaltningsplan og regional plan for Gudbrandsdalslågen er inkludert som regionale føringar for kommuneplanens arealdel. Vi gjer merksame på at det frå og med 2028 vil vere ein ny vassforvaltningsplan som er gjeldande for Vågå: Regional vassforvaltningsplan for Glomma vassregion (2028 2033). Etersom han vil vere aktuell for mesteparten av planperioden for ny arealdel, tilrår vi å nemne begge planar.

I nåverande arealdel er det fleire føresegn og retningslinjer som omhandlar vassdrag og vassmiljø (§ 6.1.3 Byggegrense mot vassdrag og bekkar, §7.4 Vassdrag, §13.1 kantsone langs vassdrag, §13.4 Verna vassdrag), som vi meiner bør bli vidareført.

I § 6.1.3 er det lagt opp til ei differensiert byggjeforbodssone, noko som er bra. Vi ynskjer å foreslå at det i ny arealdel blir endra til å gjelde vassdrag både med og utan årssikker vassføring. Mindre vassdrag kan også ha stor betydning for vassmiljø og naturmangfald, og bør bli vareteken. Det same gjeld for føresegn § 13.1 kantsone langs vassdrag. Her vil vi tilrå differensierte soner for vassdrag med og utan årssikker vassføring, for å avgrense negativ påverknad frå omkringliggande område. Til dømes kan det bli fastsett 10 meter til vassdrag med årssikker vassføring og 6 meter til vassdrag utan årssikker vassføring.»

Kommunedirektøren si vurdering:

Omsynet til kulturarv er ivareteken i gjeldande arealdel der viktige område er vist med omsynssone H570 og H730. Desse omsynssonene vil bli vidareført og oppdatert med omsyn til ny kunnskap i ny kommuneplan.

Oversikt over statlege planretningslinjer og regionale planar er oppdatert etter høyringsinnspel.

Rada reiseliv 16.02.2026

«Tema: Besøksforvaltning som del av kunnskapsgrunnlaget i arealplanleggingen

Planprogrammet gir et ryddig og tydelig grunnlag for revisjon av kommuneplanens arealdel. Det er positivt at kommunen prioriterer planvask, areal for næringsetablering og ambisjon om arealnøytralitet, samt at det skal utarbeides naturregnskap og gjennomføres konsekvensutredning og ROS analyser.

Rada Reiseliv ønsker å foreslå at besøksforvaltning synliggjøres som en del av kunnskapsgrunnlaget i det videre planarbeidet. Vågå har omfattende bruk av natur- og friluftsområder fra fastboende, fritidsbeboere og tilreisende. Denne bruken påvirker flere av temaene som skal utredes i konsekvensutredningen, blant annet friluftsliv, naturverdier, landskap, trafikkforhold, transport behov og samfunnssikkerhet. Vi anbefaler derfor at bruk, ferdsel og besøksmønstre inngår som en del av vurderingsgrunnlaget når disse temaene utredes. I arbeidet med naturregnskap vil det være relevant å se besøksbruk og ferdselsmønstre i sammenheng med utvikling i naturkvaliteter over tid. Kunnskap om faktisk bruk kan bidra til et mer presist bilde av samlet belastning og behov for kanalisering eller tilrettelegging. Planprogrammet løfter areal for næringsetablering som et prioritert tema i revisjonen. Reiseliv og besøksrelatert virksomhet er en arealavhengig næring. Ved vurdering av næringsareal bør også besøksbasert virksomhet inngå i kunnskapsgrunnlaget, slik at fra framtidig utvikling kan skje innenfor de rammene kommunen selv setter for naturhensyn, samfunnssikkerhet og arealnøytralitet. Besøksforvaltning er ikke et nytt plantema, men en presisering av hvordan eksisterende utredningstema kan forstås og vurderes i en kommune med høy samlet bruk av natur- og friluftsområder. Dette innebærer ikke nye prosesser eller egne utredningsløp, men at faktisk bruk av arealene inngår i det samlede beslutningsgrunnlaget. Rada Reiseliv bidrar gjerne med kunnskap om besøksbruk, sesongvariasjoner og reisemønstre dersom kommunen ønsker det.

Kommunedirektøren si vurdering:

Det har ikkje kome arealinnspel til nytt næringsareal som er knytt til reiseliv og besøksrelatert verksemd. Det er heller ikkje kome arealinnspel knytt til nye område for fritidsbebyggelse. Ettersom hovudtema som skal prioriterast er planvask, areal for næringsetablering og ambisjon om arealnøytralitet meiner kommunedirektøren at det ikkje vil vere riktig å ha fokus på besøksforvaltning i dette planarbeidet. Revisjon av kommuneplanens arealdel er så omfattande og ressurskrevjande for kommunen så det må veljast ut nokre hovudtema for å forsøke å avgrense planarbeidet mest mogleg. Besøksforvaltning er ikkje ein del av revisjonsarbeidet i denne omgangen.

Naturvernforbundet 16.02.2026

Vi gir kommunen ros for gode formuleringer i de utsendte plandokumentene om arealnøytralitet og planvask. Arealnøytralitet handler om å være mer restriktive i arealplanleggingen for å unngå nye naturinngrep. Det skal ikke tas hull på nye områder uten å tilbakeføre et annet område til LNF, slik at summen blir null og vi stopper forbruket av natur.

I forbindelse med kommunens planvask for eksisterende arealdel- og reguleringsplaner er det avgjørende å gjennomføre en tilstrekkelig planvask for å ta ut planlagte arealtiltak for bla. hyttebygging som innebærer bygging i myr og andre karbonrike naturtyper eller fører til mer nedbygging av verdifull intakt natur. Samla tomtereserve i Vågå per 2025 er stipulert til omlag 600

tomter/einingar. Konkret må nå verdifulle områder som Klonesodden (fugleliv) og Jettlia (natur-, beite- og friluftslivsverdier) tilbakeføres som LNF-områder.

Vi fraråder kommunen å planlegge å ta hull på nye arealer til hyttebygging eller nye områder til næring og kraftproduksjon. Vi mener det er bedre med gjenbruk av allerede utbygde grå arealer framfor å gjøre inngrep i mer natur, og stanse arealforbruket. Et konkret tiltak kan være å etablere utbyggingsgrenser ved nåværende bebygde områder.

Det er avgjørende med tilstrekkelig kunnskap om naturverdier i forbindelse med planarbeidet. Vi mener at naturmangfold i LNF-områder må kartlegges tidlig i en planprosess før de vurderes for endret planstatus. Vi ber derfor om at det ved behandlingen av arealplanen legges tilstrekkelig vekt på kartlegging av natur med innhenting av ny kunnskap for å få en fullverdig plan. Ressurser må brukes på oppdatert statuskartlegging for områder som f.eks. innen botanikk og ornitologi. Vi vil også foreslå fokus på kartlegging av nasjonalt prioriterte arter- og utvalgte naturtyper.

Planarbeidet bør inkludere utarbeiding av tiltaksplaner for enkeltarter og naturtyper i samarbeid med regionale- og nasjonale myndigheter. Her kan det legges til rette for gjennomføring av naturrestaurering og aktiv skjøtsel. Generelt er tap av natur den største trusselen for biologisk mangfold i Norge. Norsk rødliste for arter fra 2021 viser at 2456 arter trues av utryddelse, dvs. ca. 25 % av de kjente artene i Norge. Den globale naturavtalen inneholder flere mål og forplikter til en mer bærekraftig og arealnøytral arealplanlegging fra alle som forvalter natur. Naturmangfoldet i Norge er avhengig av at vi bygger ned mindre natur, og alvoret i naturkrisen krever umiddelbar handling. Kommunene som arealmyndighet har et stort ansvar.

Det er ellers viktig at planarbeidet gjennomføres i samsvar med gjeldende nasjonale føringer for kommunal arealplanlegging. Vi viser til - Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, aktuelle føringer for planarbeidet: «3.10 Klima, naturmangfold og friluftsliv: Det skal tas hensyn til viktige arealer for friluftsliv og naturmangfold, samt karbonrike arealer, slik at disse arealenes kvalitet og evne til økosystemtjenester, karbonlagring og klimatilpasning opprettholdes. Muligheten for å bygge innenfor eller i tilknytning til eksisterende byggeområde skal kartlegges og utnyttes før det vurderes å ta i bruk områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftslivsmål samt reindrift (LNF-områder) og grøntområder til utbyggingsformål. Planlegging skal bidra til å nå målet om å redusere nedbygging av særlig viktige naturarealer.»

Vi viser også til - Statlige planretningslinjer for klima og energi, aktuelle føringer for planarbeidet: «4.3 Retningslinjer for hvordan energi, opptak og utslipp av klimagasser skal ivaretas i arealplanlegging For å nå nasjonale klimamål, må arealplanleggingen legge til rette for utslippsfrie, arealeffektive, energieffektive og ressurseffektive løsninger. Følgende gjelder for hvordan klima- og energihensyn skal ivaretas i arealplanleggingen: a. Reduksjon av klimagassutslipp skal vektlegges i arealplanleggingen b. Ved revisjon av kommuneplanens arealdel skal kommunen vurdere om tidligere vedtatt arealbruk svarer til gjeldende nasjonale klimamål. Det skal vurderes å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsarealer som ikke lenger bør bygges ut. e. Planmyndigheten skal ha oversikt over hvilke arealer som er betydelige karbonlagre, på land og i sjø. Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative

arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses. f. Det bør utarbeides arealregnskap som del av kunnskapsgrunnlaget i kommuneplanarbeidet. Naturregnskap bør vurderes.»

En bred medvirkning i prosessen er viktig, vi ber om å bli invitert til å delta i arbeidsgrupper og lignende møteplasser.

Kommunedirektøren si vurdering:

Klonesodden og Jettlia som er foreslått attendeført til LNFR-område vil bli vurdert under punktet planvask der kommunen vil gå gjennom alle område som bør vaskast ut eller ha endra planavgrensing.

Det vil ikkje bli opna for ny fritidsbebyggelse i område der det ikkje allereie er etablert verksemd. Det har ikkje kome innspel til nye område for fritidsbebyggelse. Det er vanskeleg å finne areal for framtidig næringsliv så kommunedirektøren kan ikkje utelukka at nye område for næring må etablerast i område der det i dag ikkje er etableringar. Grå areal blir vurdert og er mellom anna eit silingskriterie i grovsilinga av arealinnspele.

Kommunen har motteke tilskot frå Miljødirektoratet for å gjennomføre planvask og ein del av dette tilskotet skal nyttast til naturmangfaldkartleggingar for å sikre at kommunen har eit godt nok kunnskapsgrunnlag.

Kommunen vil legge til grunn nyaste retningslinjer og lovverk i planarbeidet. Planprogram er oppdatert med omsyn til dette.

Vågåfjell turløyper 17.02.2026

Ber om at alle skiløyper som det er inngått avtale med Statskog om skal visast i plankartet til kommuneplanens arealdel.

Kommunedirektøren si vurdering:

Teamet skiløyper har tidlegare vore behandla i eigne saker. Temaet skiløyper og stiger er eit omfattande tema som vil vere arbeidskrevjande. Jamfør Vågå kommune sin planstrategi 2024-2028 skal det utarbeidast ein eigen plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette er eit samarbeid med andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen for areal som ligg innanfor villreinområde. Kommunedirektøren meiner at det må vurderast om det er hensiktsmessig å vise alle skiløyper i plankartet når arbeidet med sjølve plankartet har byrja.

Statens vegvesen 18.02.2026

«Vågå kommune skal gjennomføre planvask i samanheng med revideringa av arealdelen. Kommunen har hatt lite fokus på dette før og har søkt om og fått løyvd midlar til dette arbeidet. Det er positivt at kommunen no tek sikte på å gjennomføre planvask. Da kan blant anna regulerte områder som ikkje kjem til å byggjast ut verte fjerna frå plankartet. Det kan og verte eit av fleire verkemiddel for å planleggja i tråd med Statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet. Arealstrategien legg til grunn å styrke sentrum i Vågåmo og grendene og at enkeltsøknadar utanom dette skal takast som

dispensasjonssaker. Når det gjeld fritidsbustader, ynskjer kommunen no å leggje til rette for at nye fritidsbustader skal leggjast til område med allereie etablerte hytter, ut i frå fokus på klima- og miljøomsyn. Det vil difor ikkje leggjast inn nye område dersom ikkje andre perifere område vert vaska ut i planvasken. Kommunen ynskjer ikkje å tillate spreidd bygging av fritidsbustader i LNFR-område, noko som er positivt.

Kommunen treng nye områder til næringsareal, og her forutsett vi at ABC-prinsippet leggjast til grunn. Nå når arealdelen skal reviderast, er det sannsynleg at det vil komme mange innspel til nye byggeområde i planen. Det er positivt at kommunen har sett opp krav til innspel som skal vurderast ved revisjonen. Her er det teke omsyn til både infrastruktur og natur- og miljøomsyn. Oppsummert synest vi planprogrammet og arealstrategien legg til rette for ein god samfunnsplan og revisjon av arealdelen. Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart av arealdelen er ikkje uttømmende. Når eit planforslag blir lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.»

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunedirektøren tek uttala til etterretning.

Direktoratet for mineralforvaltning 03.03.2026

«Arealdel oppstart

DMF ser at temaet mineralressursar er omtalt i planprogrammet til arealdelen som legg grunnlag for kva som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga. DMF forventar at planomtalen skildrar viktige mineralressursar i kommunen, og korleis arealformålet råstoffutvinning skal nyttast. Forvaltning av mineralske ressursar inneber at kommunen i arbeidet med arealdelen vurderer korleis eksisterande og ny arealbruk verkar inn på tilgangen til mineralske førekomstar i dag og for komande generasjonar. Det er store lokale og regionale skilnader i tilgangen til mineralske ressursar. Samstundes kan behovet for råstoff knyttast til alt frå lokal byggeaktivitet til storskala gruvedrift mot ein global marknad. Det kan vere næringsinteresser knytt til utnyttinga av mineralressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane. Dei siste åra er det ikkje rapportert om nokon uttak av fast fjell i Vågå kommune, derimot er det registrert mange uttak av sand- og grus. Kommunen må basera seg på å hente byggeråstoff i form av fast fjell frå andre kommunar eller overskotsmassar frå andre bygge- og anleggstiltak. Arealbruk for masseuttak i vedlagt arealstrategi er det lagt vekt på at kommunen skal gjennomføre ein planvask i samband med revisjon av arealdelen. Arealformål som har vore innarbeidd i eldre planar over lengre tid utan å ha vorte realiserte, skal ikkje automatisk vidareførast på bakgrunn av tidlegare planstatus. Vidareføring av eksisterande formal kan berre skje etter ei konkret vurdering basert på framtidige behov som kommunen vurderer som relevante og pårekelege. Kommunen har mange område som er avsett til råstoffutvinning, der det ikkje lenger er aktiv drift. I arbeidet med planvask bør kommunen ta ut areal kor det ikkje er aktuelt å drive uttak i planperioden. Område kor det er planlagt masseuttak som ikkje er starta opp, eller der eksisterande uttak skal utvidast, bør avsettast til framtidig råstoffutvinning, og visast i plankartet med ytre grenser for framtidig uttak. DMF har gått gjennom korleis kjende uttak i vårt uttaksregister og konsesjonskart er sett av i gjeldande arealdel. Alle dei følgjande uttaka er sett av til råstoffutvinning i gjeldande kommuneplan:

Konsesjonspliktige uttak

Veomoen

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Veomoen massetak, vedteken i 2012. Uttaket fekk tildelt driftskonsesjon frå DMF 29.11.2017.

Hanslien masseuttak

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Hanslien, vedteken i 2004. Uttaket fekk tildelt driftskonsesjon frå DMF 21.12.2017.

Tolstadmoen

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Tolstadmoen masseuttak, vedteken i 2014. Uttaket fekk tildelt driftskonsesjon frå DMF 05.10.2016.

Åsstad

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Åsstad masseuttak, vedteken i 2014. Uttaket fekk tildelt driftskonsesjon frå DMF 01.04.2016.

Sørлие masseuttak

Området er regulert til spesialområde for steinbrot i reguleringsplan for Masseuttak Sørлие, vedteken i 2005. Ifølgje driftsrapportering til DMF er det per i dag drift i uttaket og uttaket syner til å vere konsesjonspliktig. DMF kan ikkje sjå at det er søkt om driftskonsesjon. Kommunen bør orientere tiltakshavar om konsesjonsplikt etter minerallova § 433. Tiltakshavar er òg sett på kopi av dette brevet.

Meldepliktige uttak

Randsverk

Området er regulert til anna kombinert føremål i reguleringsplan for Infiltrasjonsanlegg og masseuttak i Randsverk, vedteken i 2004. Uttaket er meldepliktig etter minerallova. Det er ikkje rapportert om drift til DMF etter 2022.

Blåhøvegen

Området vart lagt inn som nytt område for råstoffutvinning ved førre revidering av kommuneplanen. I planomtalen skriv kommunen at det ikkje vart stilt krav om reguleringsplan for uttaket ettersom det ikkje var plan om uttak av meir enn 3000 m³ massar. I føresegnene er det gjeve ei eiga føresegn til uttaket om at drifta skal skje i samsvar med minerallova. Uttaket er ikkje registrert i DMF sitt uttaksregister og det ser ikkje ut til at det er teke ut massar i området ut i frå flyfoto. Dersom det skal startast opp med uttak i planperioden oppmodar DMF om at det blir utarbeidd reguleringsplan for tiltaket. Det må òg sendast melding til DMF jf. minerallova § 424. Kommunen bør underrette eventuell tiltakshavar om dette.

Tolstadmoen II

I planomtalen til gjeldande kommuneplan var området føreslått som nytt område for kombinert råstoffutvinning og næring, med krav om reguleringsplan. DMF ga her fråsegn til oppstart av planarbeidet for detaljregulering av Kolbotn II næringsområde, datert 22.08.2022, vår ref. 22/04761-2. I fråsegna viste DMF til at planlegginga må sjåast i samanheng med drifta i Tolstadmoen, på motsett side av riksvegen. Vi oppmoda òg om at området burde bli regulert til råstoffutvinning dersom det skulle gå føre seg masseuttak i området, og vi opplyste om melde- og konsesjonsplikt.

Nedlagde uttak

Grønslette

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Grønslette, vedteken i 2002. I følge planomtalen til gjeldande kommuneplan er uttaket delvis under drift. Uttaket er registrert som nedlagt i DMF sitt uttaksregister og har ikkje driftskonsesjon.

Nysæter

Området er regulert til spesialområde for steinbrot i reguleringsplan for Kleberbrot ved Nysæter, vedteken i 1995. Ifølge planomtalen til gjeldande kommuneplan er området delvis under drift. DMF har ikkje mottatt driftsrapporteringar for dette uttaket etter 2013 og har satt status som nedlagt i vårt uttaksregister.

Ristigdalen

Området er ikkje regulert, men det vart ifølge kommunen gjeve dispensasjon for uttak i 2011. Det er opplyst i gjeldande kommuneplan at området er under avslutning.

Otta

Området er regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Otta masseuttak, vedteken i 2001. Området ligg i vassdraget ved Vågomo og vart opphavleg regulert for å ivareta allmenne interesser knytte til sikring av vassdraget, samstundes som det opna for kommersiell drift på masseuttak i vassdraget. I DMF sitt uttaksregister er dette uttaket registrert som Vågåmovifta og har status som nedlagt. Det er ikkje rapportert til DMF om uttak av massar sidan 2009.

Omsynssoner

I gjeldande kommuneplan er det ikkje nytta omsynssone for mineralressursar. DMF forventar at kommunen vurderer å bruke omsynssone H590, jf. plan- og bygningslova § 11-8 c)5 for å synleggjere industrimineralførekomsten Bårstad, og prospektet ved same namn. Kommunen bør vurdere å bruke omsynssona for andre område med registrerte førekomstar av mineralske ressursar som kan vere aktuelle for framtidig utvinning. Hensikta med ei slik omsynssone er å sikre at det ikkje blir lagt opp til tiltak som kan hindre seinare mineralutvinning. Kommunen kan òg vurdere å bruke omsynssone H590 på areal omkring eksisterande masseuttak der det ikkje er registrert ein mineralførekomst, for å unngå konflikt med andre arealinteressar og mogeleggjere utviding av uttak.

Undersøkingrett til statens mineral

I DMF sitt kartinnsyn for bergrettar er det innafor kommunegrensa til Vågå registrert to undersøkingrettar. Dette kan indikere at desse områda er interessante med tanke på mogeleg framtidig utvinning av mineralressursar. Bergrettane har fått namnet Vågå 8 og 9, og Kuniko Norge AS er rettshavar og fekk tildelt rettane 21.11.2022. Dersom det blir foreslått ny arealbruk innanfor område med undersøkingrettar, bør kommunen informere rettshavarane om planprosessen og gi dei høve til å gi uttale til planen. Rettshavar står difor som kopimottakar av dette brevet. Datasettet med bergrettar kan òg lastast ned frå Geonorge sin kartkatalog og leggast inn i eiga kartløyving.

Gamle gruver

I område med gamle gruver bør kommunen vurdere om ny arealbruk kan komme i konflikt med gruveopningar og avslutta anlegg under jorda. Kommunen bør òg vurdere om gruveopningar skal synleggjerast i plankartet. Her må det sjåast til DMF sitt sikringsregister, som viser ei aktsomheitssone ved gamle Bårstad gruver.

Konsekvensutgreiing

Planprogrammet til arealdelen legg fram at mineralressursar skal utgreiast som eget tema, og at metodikken for utgreiing av naturressursar skal hentast frå Statens vegvesen si handbok V712. Dette er i tråd med DMF sine anbefalingar. I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verknader av forslag til endra arealbruk for viktige mineralressursar, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 21. I dette arbeidet må kommunen legge grus- og pukkdatabasen¹¹ og mineralressursdatabasen¹² frå NGU og DMF sine konsesjons- og uttakskart¹³ til grunn for utgreiing av arealinnspele.

Dersom område med nytt arealføremål kjem i nærleiken av, eller rører ved, mineralske førekomstar, prospekt eller masseuttak, bør det gjerast ei vurdering av om endringa fører til at ressursar blir utilgjengelege for framtida. Det er viktig at kommunen tar med i vurderinga at ressursar som ikkje er vurdert som viktige i nærmaste planperiode, kan bli viktige i framtida. Dersom kommunen går inn for endringar i arealbruk som påverkar område med ressursar, bør kommunen vurdere om det finst avbøtande tiltak.

I område nært eller ved masseuttak bør kommunen òg vurdere om endra arealbruk kan få følgjer for ei framtidig utviding av uttaket. Sjå DMF sitt kart med konsesjonsområde i kommunen. Nye areal til råstoffutvinning bør vere grunngeve med at kommunen har eit reelt behov for byggeråstoff. Dersom kommunen har behov for ressursar bør det òg vurderast om ressursbehovet kan bli dekkja på andre måtar, for eksempel ved å nytte overskotsmassar eller utvide eksisterande uttak. Dersom det blir foreslått å etablere nye masseuttak, bør konsekvensutgreiinga innehalde ei vurdering av om endring til arealføremål råstoffutvinning er i tråd med Statlege planretningslinjer for klima og energi. Kjende førekomstar som ikkje har fått ei verdivurdering av NGU, kan innehalde viktige ressursar. Innanfor prospekt er det meir sannsynleg at det kan finnast førekomstar som kan være viktige. Ved forslag til ny arealbruk som kan påverke slike førekomstar og prospekt, må det bli henta inn informasjon som gir eit endeleg avgjerdsgrunnlag for om viktige ressursar blir råka av endringa.

Føresegner i arealdelen

I føresegnene til gjeldande kommuneplan er det fastsett at uttak av mineralske råstoff ut over eige bruk, eller vesentleg utviding av eksisterande masseuttak, ikkje kan finne stad før området inngår i ein reguleringsplan. Vi ber om at føresegna blir vidareført med tilvising til aktuelle punkt i plan- og bygningslova, her under:

- Bygge- og anleggsformål under pbl § 11-7 punkt 1, inkludert råstoffutvinning
- Tiltak etter pbl § 20-1, inkludert bokstav a) og k)

Gjeldande kommuneplan viser òg til at drift må skje i samsvar med minerallova for enkelte av uttaka. DMF foreslår at føringar som gjeld minerallova heller blir lagd inn som generelle retningslinjer til føresegnene:

- Uttak av mineralske ressursar skal skje i samsvar med minerallova. Uttak over 500 m³ er meldepliktige, og uttak over 10 000 m³ krev driftskonsesjon etter minerallova.

I tillegg bør det bli innarbeidd:

- Eigne krav for regulering av areal avsett til råstoffutvinning, til dømes utredning av landskapsverknad, avbøtande tiltak for masseuttak i drift og ønska etterbruk. Djupna og volumet av uttaket må vere grunngeve dersom det skal fastsettast i føresegnene.

- *Eit generelt krav til sikring og skjerming av masseuttak. Kommunen må syte for at det er sett av tilstrekkeleg areal for oppføring, vedlikehald og tilsyn med sikrings- og skjermingstiltak.*

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.»

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunedirektøren syns Direktoratet har kome med ei grundig og god uttale som vil vere til god hjelp for å få oversikt over grus- og mineralførekomstar i kommunen. Grus- og mineralførekomstar er tema som skal vurderast i konsekvensutgreiinga.

Oppsummering

Kommunedirektøren meiner at revidert planprogram legg eit godt grunnlag for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel. Innspel og uttaler til høyringsdokumentet er vurdert og kommentert. Det kom generelt få merknader til høyringsdokumentet, men det er gjort mindre endringar og justeringar av dokumentet for å ta omsyn til dei innspel/høyringsuttaler som kom. Slik kommunedirektøren vurderer det kan planprogrammet no fastsettast.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 og § 11-13 blir planprogram for kommuneplanens arealdel 2027-2039 fastsett.

Formannskapet si behandling av sak 31/2026 i møte den 09.06.2026:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 og § 11-13 blir planprogram for kommuneplanens arealdel 2027-2039 fastsett.

Kommunestyret si behandling av sak 30/2026 i møte den 16.06.2026:

Behandling

Forslag frå ordøraren:

Endring i kulepunkt i planprogrammet: * Er innspelt i konflikt med kjende naturfarar? Innspelet blir vurdert med det må føreliggje ei faresonevurdering og/eller sikringstiltak som viser at området kan utviklast i løpet av prosessen

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 og § 11-13 blir planprogram for kommuneplanens arealdel 2027-2039 fastsett med følgjande endring i kulepunkt i planprogrammet - Er innspelt i konflikt med kjende naturfarar? Innspelet blir vurdert men det må i løpet av prosessen føreliggje ei faresonevurdering og/eller sikringstiltak som viser at området kan utviklast.